



Arkivsakid-doknr: 20/175-2  
Journalpostid: 20/1588

Saksh: Glenn Wiik  
Telefon: 53673535

Arkivkode: K1-033  
Dato: 05.03.2020

## **Møtebok for Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 04.03.2020 kl. 10.00 – 11.30**

**Frammøte:** Marete Sæbø, Harald Næss, Sigrid Bu, Johanna Håbrekke, Ole-Johnny Odland, Frode Eriksen.

**Ikkje møtt:** Magnar Røise

**Vararepresentant.møtt:** Aslak Læg Reid

### **Sak 1 Val av leiar og nestleiar**

Forslag til leiar: Marete Sæbø

Samrøystes vald.

### **Val av nestleiar.**

Forslag til nestleiar: Harald Næss

Samrøystes vald

### **Sak 2 Møteplan**

Rådet ynskjer møte i forkant av formannskaps- og kommunestyremøte slik at me kan koma med innspel i saker me arbeider med. Me har difor sett møteplan fram til sommaren med møte 15.04 og 27.05.


### **Sak 3 Ymse**

- Rådet har fått sak til uttale som gjeld godtgjering for servicetilbod ved omsorgsbustadene i Eidfjord. Rådet finn det vanskjeleg å ta stilling til forslag til abonnementsavtale utan meir informasjon. M.a. vil me ha svar på kvifor det er så stor prisforskjell mellom dette forslaget og prisane som gjeld på Bråvolltunet i Ullensvang. Kva ligg inne i husleiga? Korleis vil slik abonnementsavtale fungera for bebuarane på bygdaheimen? Når skal saka avgjerast? Rådet vil koma attende til saka når me får meir informasjon, anten på neste møte eller på ekstra møte dersom det vert naudsynt pga. tidsfristar.




- Fleire bebuarar på bygdaheimen nyttar høyreapparat. Det er ikkje alltid så lett med korrekt innstilling og justering av desse. Sekretær snakkar med einingsleiar på bygdaheimen for å få veta meir om desse utfordringane.
- Trafikksikringstiltak har vore, og er, ei viktig sak for rådet. Me har tidlegare kome med innspel til trafikksikringstiltak, men utan respons frå kommunen så langt. Me vil etterlysa svar på våre forslag.

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Aslak Læg Reid



Marete Sæbø (leiar)



Aslak Læg Reid (vararepresentant)

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune



Glenn Wiik  
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok